



Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering.
Se mottakerliste nedenfor.

Dato: 13.12.2021
Vår ref: 16/01831-21
Deres ref:

Tildeling av driftskonsesjon etter minerallova for Ådnadalen i Bjørnafjorden kommune. Tiltakshavar: Os Knuseverk AS

POST- OG BESØKSADRESSE

Ladebekken 50
7066 Trondheim

TELEFON + 47 73 90 46 00

E-POST post@dirmin.no

WEB www.dirmin.no

GIRO 7694.05.05883

SWIFT DNBANOKK

IBAN NO5376940505883

ORG.NR. NO 974 760 282

SVALBARDKONTOR

TELEFON +47 79 02 12 92

1. Tildeling av driftskonsesjon

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) viser til søknaden om driftskonsesjon datert 7. november 2016 frå Os Knuseverk AS, org. nr. 930 785 865. Os Knuseverk AS, org. nr. 930 785 865, heretter kalla «Tiltakshavar» eller «Tiltakshavaren», får med dette driftskonsesjon etter minerallova § 43.

Tiltakshavaren får driftskonsesjon for uttak av fast fjell i Ådnadalen på eigedomen gnr./bnr. 35/34 i Bjørnafjorden kommune. Mineralførekomsten høyrer til kategorien mineral som grunneigaren eig.

Konsesjonsområdet har eit areal på kring 113 daa og går fram av vedlagde kart.

Etter reguleringsplan «Områdeplan Ådnamarka 1» med plan ID 20010601 er området regulert til «Steinbrot/masseuttak».

Tildeling av driftskonsesjon erstattar ikkje krav om andre løyve, godkjenning, arealavklaring eller konsesjon etter anna lovgiving. Tiltakshavaren er ansvarleg for å innhente andre nødvendige løyve.

2. Vilkår for driftskonsesjonen

Konsesjonen blir gjeven på desse vilkåra:

2.1. Driftsplan

Drifta skal til ei kvar tid gå føre seg i samsvar med ein driftsplan godkjend av DMF.

Dersom Tiltakshavaren ønskjer å gjere vesentlege avvik frå driftsplanen, skal DMF godkjenne dette på førehand.

DMF kan krevje ny oppmåling og at ajourførte kart og profiler skal sendast inn når DMF finn det nødvendig.



2.2. Økonomisk sikkerheit

Tiltakshavaren blir pålagt å stille økonomisk sikkerheit med NOK 1 000 000, som skildra i punkt 5.11 av vedtaket, for å sikre at nødvendige sikrings- og oppryddingstiltak blir gjennomførte etter minerallova §§ 49 og 50, jf. minerallova § 51.

Den økonomiske sikkerheita skal stillast i form av ein bankgaranti for eit grunnbeløp på NOK 300 000, og deretter årlege avsetjingar til ein bankkonto som det skal etablerast pant i til fordel for DMF slik at Tiltakshavaren ikkje kan råde over kontoen på noko vis, begge deler som skildra i punkt 5.11.

Innan 2 månader etter datoen på dette konsesjonsvedtaket skal Tiltakshavaren ha:

- (i) inngått ein avtale om finansiell sikkerheit med DMF, vedlegg 2;
- (ii) lagt fram påkravsgaranti frå bank som DMF vurderer som tilfredsstillande, vedlegg 3;
- (iii) etablert pantet til fordel for DMF, jf. pantelova §§ 4-4 til 4-6, vedlegg 4.

2.3. Bergteknisk ansvarleg

Det skal utan grunnlaust opphald sendast skriftleg melding til DMF om alle skifte av bergteknisk ansvarleg for eit uttak.

Ein bergteknisk ansvarleg for uttaket, med dei nødvendige kvalifikasjonane, skal vere på plass innan 2 månader etter datoen på dette konsesjonsvedtaket. Innan same dato skal Tiltakshavaren melde inn til DMF namnet på den ansvarlege og leggje ved meldinga dokumentasjon på at personen fyller krava til bergteknisk ansvarlege. Dersom verksemda skal leige inn den ansvarlege, skal dokumentasjon på avtalen mellom Tiltakshavaren og den bergteknisk ansvarlege leggjast ved meldinga.

2.4. Andre vilkår

- Den regulerte føremålsgrensa for massetaket skal setjast ut eller markerast i terrenget på ein slik måte at den er lett synleg gjennom heile driftsperioden.

3. Godkjenning av driftsplan

DMF godkjenner driftsplanen for Ådnadalen. Den godkjende versjonen av driftsplanen ligg ved dette konsesjonsvedtaket.

4. Høyringsfråsegner med kommentarar frå DMF

Søknaden om driftskonsesjon har vore på høyring, jf. forvaltningslova § 17, hos desse høyringsinstansane: Statens Vegvesen region Vest, Statsforvaltaren i Vestland, Norges Vassdrags- og Energidirektorat Region vest, Mattilsynet, BKK Nett AS, Vestland Fylkeskommune, Bjørnafjorden Kommune, og aktuelle naboar.

Høyringsperioden var frå 12.08.2021 til 17.09.2021.

Frå høyringsfråsegnene har DMF særleg merkt seg dette:



Vestland Fylkeskommune:

Vurdering

Kulturminne

Vestland fylkeskommune, seksjon for kulturarv, har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

Størstedelen av det omsøkte arealet er i bruk som steinknuseverk. Det føreligg godkjent reguleringsplan vedteken 27.03.2012. Vi har tidlegare vore på synfaring i området. Det er lite potensial for funn og ut frå arkivmateriale kan me heller ikkje sjå at det omsøkte tiltaket vil koma i konflikt med automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne.

Dersom det kjem fram eventuelle funn ved gjennomføring av arbeid i tiltaksområdet må Vestland fylkeskommune få melding, og alt arbeid stansast inntil rette forvaltingsmynde har vurdert/nærare dokumentert funnet (jf. kulturminnelova § 8, 2.ledd).

Naturmangfald (Haustbare viltartar)

Etter reguleringsplanen (§ 3.1) skal sikringsgjerdet vere på minst 1,5 m høgde. Det bør vurderast om høgda på gjerdet bør vere på minst 1,8 m, for å unngå at hjort hoppar over frå oversida og ikkje kjem seg tilbake frå nedsida.

Mineralressursar (Byggjeråstoff) – nærings-, plan- og klimaperspektiv

Vi har ikkje merknader.

DMFs kommentarar:

DMF oppfordrar tiltakshavar til å setja seg inn i regelverket rundt kulturminne.

Tiltakshavar opplyser at det er etablert permanent sikringsgjerde i tråd med reguleringsplanens bestemmelse. Det har siden åpning av steinbrotet i 1994 aldri vore observert hjort som har hoppa inn på området.

Bjørnafjorden Kommune:

Uttale til søknad om driftskonsesjon for Ådnadalen frå Bjørnafjorden kommune

Viser til oversendt søknad om driftskonsesjon for Ådnadalen frå Direktoratet for mineralforvaltning datert 12.08.2021. Høyringsfrist er 17.09.2021.

Omsøkt drift er i samsvar med gjeldande reguleringsplan for området. Vilkår i reguleringsplanen ser ut til å vere oppfylt.

Elles vil me bare understreke at det er viktig at det blir lagt til rette for ein naturleg revegetering av hyllene med et tilstrekkeleg tykt lag med humus ("skogsjord") etter kvart som dei har tatt ut steinen av eit område og avsluttar arbeidet .

I ny konsesjon må det òg presiserast at operatøren har ansvar for å sikre at sedimentfellene som er etablert inne på området fungerer som dei skal til einkvar tid. Det må ikkje kome tilslag med forurensa overflatevann til Døsjaelva, som me har meldt inn i overvåkingsprogrammet for viktige vassressursar. Det må òg kome tydeleg fram i konsesjonen at operatør er økonomisk ansvarlig for arbeid som er nødvendig for å sikre god funksjonalitet av sedimentfellene.

DMFs kommentarar:

Tiltakshavar opplyser at revegetering er sikra gjennom reguleringsplanen § 9. Tiltakshavar legg til rette for naturleg revegetering etter avslutning av uttak i steinbrotet. Kva gjeld sedimentfellane opplyser tiltakshavar at dette er sikra i tråd med reguleringsplanens §§ 4.5 og 4.6 og at tiltakshavar har sørga for sedimentsfellar som sikrar mot avrenning til Døsjaelva. Fellane blir kontrollert dagleg og ved opning av nye delområde vil behovet for nye fellar vurderast.



DMF til forurensingsforskriftas § 30-6 som regulerer utslipp til vatn.

Statsforvaltaren i Vestland:

Oppdatert kunnskapsgrunnlag om naturmangfald

I 2015 vart det påvist elvemusling i [Døsjaelva i Bjørnafjorden kommune](#). Under inventering seinare same år, vart det observert 81 vaksne elvemuslingar (Rådgivende Biologer AS), med ein totalbestand vurdert til om lag 100 vaksne individ. Bestanden er lokalisert like nedstraums arealet det no vert søkt om driftskonsesjon.

På grunn av den fåtalige bestanden og dårleg vasskvalitet i Døsjaelva, vert bestanden rekna som *kritisk trua*.

Rådgivende Biologer AS (Kålås 2017) har påvist negative påverknader som høge nivå av næringsstoff og partiklar i vatnet. Viktigaste kjelder ser ut til å vere steinuttaket og landbruksområde, men det er også annan diffus avrenning. Samla belastning på vassdraget er såleis stor, jf. naturmangfaldlova § 10.

Stor risiko for forureining

Utviding av steinuttaket sørover ut over dagens etablering i etappe 2 vil kome nært inntil og i berøring med Døsjaelva og tilhøyrande sidebekkar. Det vil utgjere ein betydeleg risiko for avrenning av stein- og sandpartiklar og påfølgjande redusert vasskvalitet til Døsjaelva. Det vil med stort sannsyn føre til irreversibel skade på den kritiske trua bestanden av elvemusling. Elvemusling er nasjonalt raudlista som trua i Norge og er ein ansvarsart for Norge. Over 95 prosent av bestanden i Europa er utrydda.

Bjørnafjorden kommune er no i prosess med rullering av kommunedelplan for Bjørnafjorden vest der også Ådnadalen konsesjonsområde inngår. Området er frå før planavklart med godkjent reguleringsplan frå 2012.

Men ny kunnskap om elvemusling om lag 500 meter direkte nedstraums planområdet, gjer at avgrensing av planområdet for steinuttaket må vurderast på nytt for å unngå risiko for negativ påverknad på vassdraget.

Konklusjon

Statsforvaltaren vurderer derfor motsegn mot ei vidare utviding av arealføremålet sørover i etappe 2. Vi vil i tillegg vurdere om det kan vere naudsynt å regulere utslepp frå steinuttaket gjennom eit løyve etter forureiningslova § 11.

Som eit resultat av dette rår vi til at Direktoratet for mineralforvaltning avventar handsaming av konsesjonssøknaden for drift av Ådnadalen, til etter at kommunedelplan for Bjørnafjorden Vest er endeleg vedteken. Vi ønskjer også då å kome attende med ein oppdatert uttale til søknad om driftskonsesjon for Os knuseverk AS.

DMFs kommentarar:

DMF viser til at omsøkt konsesjonsområde i dag ikkje representerer noka utviding av dagens regulerte område for massetak. I høyringsbrevet som vart sendt ut er det presisert frå DMFs side at «det er kommunen som bestemmer arealbruken i medhald av plan- og bygningslova. Fråsegner knytte til dei arealdisponeringane kommunen har vedteke, legg vi derfor ikkje vekt på i vurderinga vår». Tiltakshavar opplyser at det heller ikkje er lagt opp til noka utviding av massetaket i den foreslåtte kommunedelplanen i Bjørnafjorden Vest.

Kva gjeld avrenning til resipient, viser DMF til forureiningsforskrifta § 30-6. Tiltakshavar opplyser om at verksemda jamleg blir kontrollert, blant anna ved at Statsforvaltarens miljøavdeling synfer og kontrollerer. Tiltakshavar viser òg til at det er etablert



sedimenteringsanlegg og eit røyr under knuseverket som sørger for at vatn som renn inn i anlegget frå aust blir ført ut i elv på vestsida utan avrenning frå knusearealet. Drifta i fase 2 har pågått i fleire år i tråd med gjeldande reguleringsplan og i samråd med kommunen, utan at det er avdekt forhold som betyr at drifta har medført redusert vasskvalitet i Døsjaelva. DMF registrerer at Statsforvaltaren vurderer om utslepp frå uttaket skal regulerast i medhald av forureiningslova § 11.

Kva gjeld utsetjing av behandlinga av driftskonsesjon, viser DMF til at tildeling av driftskonsesjon ikkje erstattar krav om andre løyve, godkjenning, arealavklaring eller konsesjon etter anna lovgiving. Dersom det kjem endringar i reguleringsstatusen på området, eller krav i medhald av anna regelverk, vil dette etter omstenda kunna avgrensa moglegheita tiltakshavar har til å utvinne førekomsten på staden, uavhengig av driftskonsesjon jf. minerallova § 5.

**Noregs Vassdrags- og Energidirektorat:
NVE si fråsegn til søknad om driftskonsesjon etter minerallova -
Ådnadalen - Bjørnafjorden kommune**

Vi syner til brev datert 12.08.2021. Saka gjeld høyring av søknad om driftskonsesjon etter minerallova for uttak av fast fjell til bruk for byggeråstoff i Ådnadalen i Bjørnafjorden.

Uttaksområdet ligg høgt i nedslagsfeltet (3,8 km²) til Døsjaelva. I Døsjaelva er det registrert ein kritisk truga forekomst av elvemusling nedstraums uttaksområdet. Det er etter NVE sitt syn viktig at det vert sett vilkår i driftskonsesjonen som verkar til at uttaket ikkje får uheldige konsekvensar for forekomsten.

Finstoff og anna ureining i elva som følgje av uttaket kan medføre skade på muslingbestanden. Vi reknar med at dette er tilhøve som Statsforvaltaren følgjer opp i si sakshandsaming.

Fjerning av vegetasjon, t.d. myr og skog, vil gi større del harde flater i uttaksområdet. Dette kan endre avrenningsmønsteret i nedbørfeltet. Vatnet kan då renne fortare av ved nedbør. Vassføringa ved kraftig nedbør og flaum kan då bli større i elva enn ved dagens situasjon. Raskare avrenning vil så kunne føre til mindre vassføring i elva i tørre periodar enn ved dagens situasjon. Slike endringar i vassføringa, både større flaumar og fleire tørkeperiodar kan skade muslingbestanden. NVE vil difor rå til at det vert sett vilkår i driftskonsesjonen om at det må gjennomførast dryggingstiltak som sikrar ei avrenning så nær dagens situasjon som råd. Tiltaka bør planleggast av fagkyndige.

DMFs kommentarar:

DMF viser til forureiningsforskrifta § 30-6 som regulerer utslepp av finstoff til vatn.

Tiltakshavar opplyser i kommentarane sine at det er etablert fordrøyning via sedimenteringsanlegg som blir kontrollert dagleg, og dessutan at det er etablert eit tett røyr under knuseverket som sikrar at vatn som renn i austsida av anlegget blir ført ut igjen utan avrenning frå arealet til knuseverket.



Statens Vegvesen:

Merknad

Statens vegvesen er forvaltar av riksveg på vegne av staten, og statleg fagmyndigheit med sektoransvar innanfor vegtransport. I denne saka uttaler vi oss med grunnlag i sektoransvaret vårt, med fokus på trafikktryggleik og trafikkavvikling.

Det aktuelle området er regulert til steinbrot/massetak og næring/kontor/industri med meir, og vi legg til grunn at føremålet er i tråd med reguleringa.

Som del av vurderinga direktoratet skal gjere vil det bl.a. sjåast på korleis tiltaket påverkar omgjevnadane og nærliggjande område under drifta.

Med tanke på å kunne vurdere trafikale konsekvensar og evt. behov for avbøtande tiltak på nærliggjande område, saknar vi at søknaden seier noko om trafikken uttaket det er søkt om vil kunne generere.

For å ivareta trafikktryggleiken er det viktig at sikt vert ivaretatt ved utkøyringa frå det inngjerda området, og vi ber om at dette vert sett som vilkår for drifta.

DMFs kommentarar:

Tiltakshavar opplyser i kommentarane sine at uttaket har vore etablert sidan 1994, og elles er utvikla i tråd med gjeldande reguleringsplan. Trafikkforhold er varetatt gjennom gjeldande reguleringsplan som har vore vurdert og hensyntatt i den trafikkbelastninga som verksemda antas å generera, og dessutan at det er etablert avkøyrslar i tråd med reguleringsplanen. Tiltakshavar opplyser òg at siktzone er varetatt ved at fylkesvegen har 50-sone og sikt på over 150 meter i kvar retning. Utkøyrsel frå brotet inn på stikkveg har òg god siktzone i begge retningar.

5. Korleis DMF vurderer søknaden om driftskonsesjon

Føremålet til minerallova er å fremje og sikre samfunnsmessig forsvarleg forvaltning og bruk av mineralressursane i samsvar med prinsippet om ei berekraftig utvikling.

Etter minerallova § 43 er det krav om driftskonsesjon frå DMF for samla uttak av mineralførekomst på meir enn 10 000 m³ masse og for alt uttak av naturstein. Berre den som har utvinningsrett kan få driftskonsesjon.

Konsesjonssøknader går gjennom ei skjønsmessig prøving før det blir avgjort om det skal gjevast driftskonsesjon. I vurderinga av om det skal gjevast driftskonsesjon skal det leggjast vekt på om søkjaren er "skikka" til å utvinne førekomsten. Dette inneber at ein skal leggje vekt på om prosjektet ser ut til å vere økonomisk mogeleg å gjennomføre, om det blir lagt opp til bergfagleg forsvarleg drift, og om søkjaren har tilstrekkeleg kompetanse til å drive førekomsten. I vurderinga av om det skal gjevast driftskonsesjon skal det òg leggjast vekt på omsyna som er nemnde i minerallova § 2.

DMF kan fastsette vilkår for ein driftskonsesjon. Når DMF avgjer kva vilkår som skal stillast, vurderer direktoratet mange av dei same omsyna som er relevante for vurderinga av om det skal gjevast konsesjon.

DMF har vurdert konsesjonssøknaden slik:



5.1 Utvinningsrett

Mineralførekomsten som skal utvinnast tilhører kategorien mineral som grunneigaren eig. Tiltakshavaren er ikkje grunneigar for konsesjonsområdet, og det blir difor kravd avtale med grunneigaren om utvinningsretten til førekomsten. Tiltakshavaren har i søknadsprosessen lagt fram ein avtale/avtalar med grunneigaren/grunneigarane for gnr/bnr 34/35, datert 25.10.2017, som dokumentasjon for utvinningsrett.

Avtalen/Avtalane gjev Tiltakshavaren utvinningsrett til førekomsten på det området det er søkt om konsesjon for i avtaleperioden.

Etter DMF si vurdering har Tiltakshavaren utvinningsretten til førekomsten.

5.2 Arealstatus for tiltaket

Konsesjonsområdet har eit areal på kring 113 daa og går fram av vedlagde kart.

Etter reguleringsplan «Områdeplan Ådnamarka 1» med plan ID 20010601 vedtatt 27.03.2012 er området regulert til «Steinbrot/masseuttak».

5.3 Økonomien i prosjektet

DMF har vurdert den vedlagde informasjonen om økonomien i prosjektet. Etter DMF si vurdering er prosjektet økonomisk mogeleg å gjennomføre.

5.4 Driftsplan

For å sikre at kravet om bergfagleg forsvarleg drift blir oppfylt, finn DMF grunn til å ta inn i konsesjonen eit vilkår om at drifta til ei kvar tid skal gå føre seg i samsvar med ein driftsplan godkjend av DMF.

Driftsplanen skal vere eit styringsverktøy for Tiltakshavaren i gjennomføringa av uttaket, og eit referansedokument i samband med DMF sine tilsyn.

I samband med søknaden har Tiltakshavaren lagt fram eit framlegg til driftsplan for uttaket.

Framlegget til driftsplan omfattar heile driftsperioden og avsluttinga av steinbrotet. Skildringa og kart- og snitteikningar presenterer den planlagde brytinga av førekomsten innanfor arealet på 113 dekar som søknaden gjeld. Det totale volumet fast fjell som skal takast ut er estimert til 1 085 750 m³. Det årlege uttaket vil variere med marknaden, men det planlagde uttaket per år er 69 000 faste m³. Det er planlagt drift i 2 etappar. Utdrivne område som ikkje trengst i den vidare drifta, skal setjast i stand fortløpande. Det blir òg presentert ein plan for sikring og avslutting. Planen er å føre brotområdet tilbake til industriområde.

Etter DMF si vurdering kan den vedlagde versjonen av driftsplan for Ådnadalen godkjennast. Ein finn at planen tilfredsstillar dei krava som DMF stiller til driftsplanar, og etter DMF si vurdering legg planen opp til bergfagleg forsvarleg drift.



Dersom det under drifta oppstår nye situasjonar eller andre endringar i føresetnadene for drifta, til dømes geologiske og kvalitetsmessige variasjonar, bør det likevel på visse vilkår kunne opnast for å gjere endringar og tilpassingar i planen. Dersom Tiltakshavaren ønskjer å gjere vesentlege avvik frå driftsplanen, skal DMF godkjenne dette på førehand.

Undervegs i drifta kan DMF få bruk for oppdaterte kart og snitt som dokumenterer den noverande situasjonen i uttaksområdet og status i høve til den godkjende driftsplanen. Det blir difor teke inn som eit vilkår i konsesjonen at DMF kan krevje at Tiltakshavaren gjer ny oppmåling og at ajourførte kart og profilar skal sendast inn når DMF finn det nødvendig.

5.5 Bergfagleg forsvarleg drift

Kravet om at drifta til ei kvar tid skal gå føre seg på ein bergfagleg forsvarleg måte inneber at aktiviteten må vere i samsvar med tilfredsstillande faglege standardar for denne typen verksemd.

Etter DMF si vurdering er den føreslegne driftsplanen for uttaket bergfagleg forsvarleg. Ved vurderinga har DMF lagt vekt på driftsplanen for uttaket.

5.6. Søkjaren sin kompetanse for drift av førekomsten

I vurderinga av om søkjaren har tilstrekkeleg kompetanse er det den totale kompetansen som søkjaren har tilgang til som skal vurderast opp mot kravet om å vere skikka.

Etter forskrift til minerallova § 3-1 skal alle uttak av mineralske ressursar ha ein bergteknisk ansvarleg.

Tiltakshavaren har i søknaden gjeve opp Tryggve Einar Moberg som bergteknisk ansvarleg for uttaket. Personen er registrert hos DMF som bergteknisk ansvarleg for uttaket og oppfyller kvalifikasjonskrava i forskrifta.

Etter DMF si vurdering har Tiltakshavaren tilstrekkeleg kompetanse til å drive førekomsten.

5.7 Miljøkonsekvensar av utvinninga

I vurderinga av om det skal gjevast driftskonsesjon skal det leggjast vekt på omsynet til miljøet og kulturminne.

Det finst ein godkjend reguleringsplan for uttaket. Planskildringa i reguleringsplanen gjer greie for miljøverdiar i området og korleis uttaket vil påverke miljøet.

Biologisk mangfald – vurdering etter naturmangfaldlova

Naturmangfaldlova § 7 pålegg alle offentlege instansar som tek avgjerder som påverkar naturen å vurdere planlagde tiltak opp mot prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8–12. Reguleringsplanen, høyringsfråsegner og eigne søk i Naturbase og Artskart (gjennomførte august 2021) er lagde til grunn for vurderingane etter naturmangfaldlova i DMF si handsaming av søknaden. DMF reknar



kunnskapsgrunnlaget etter naturmangfaldlova § 8 for å vere tilstrekkeleg til at det kan fattast vedtak i saka. Førre-var-prinsippet i naturmangfaldlova § 9 gjeld såleis ikkje.

Høyringsinstansane har vist til førekomst av elvemusling nedstrøms for uttaket, i Djøsaelva. Tiltakshavar opplyser om at det er etablert sedimentsfellar som skal sikre at drifta ikkje har uheldige konsekvensar for førekomsten av elvemusling.

Etter DMF si vurdering vil slikt uttak av massar som det er søkt om ikkje vere i konflikt med forvaltningsmålet for naturtypar og økosystem som er fastsett i naturmangfaldlova § 4 eller forvaltningsmålet for artar i naturmangfaldlova § 5.

Etter naturmangfaldlova § 10 skal den samla belastinga på økosystem og naturmangfaldet i regionen vurderast.

DMF har kome til at det ikkje finst avgjerande moment som talar mot å innvilge konsesjon.

5.8 Forholdet til omgivnadene og nærliggjande område under drift

Mineralressursane skal forvaltast og brukast på ein måte som tek omsyn til omgjevnadene og dei nærliggjande områda under drift. Det er difor viktig at drivaren gjennomfører nødvendige sikringstiltak for å unngå skadar på eigedom, menneske og dyr.

Sikring: Området er sikra med gjerde langs øvre brotkant etter kvart som denne vert sprengt ut. Inngangen til området er sikra med gjerde og skilt.

DMF har kome til at dette ikkje er avgjerande moment som talar mot å innvilge konsesjon.

5.9 Kva tiltaket vil ha å seie for verdiskaping og næringsutvikling

Førekomsten det er søkt om driftskonsesjon for fell inn under råstoffgrupperinga sand, grus, pukk og leire (byggjeråstoff). Råstoffet blir brukt i produkt som det moderne samfunnet er heilt avhengig av og som blir brukte i bygg, vegar og anlegg.

Formål/bruksområde/kvalitet for uttatt ressurs: Tilslag til vei og fyllmasser.

5.10 Langsiktig planlegging for etterbruk eller tilbakeføring av området

Avslutningsplan: Endelig vegg vil avtrappes mot uttaksgrense med pallhøyde 12 meter og bredde 10 meter. Avsluttende veggvinkel vil ligge på 50°. Uttaksområder er sikra med gjerde langs øvre bruddkant

Etter DMF si vurdering er dei planane som finst for etterbruk eller tilbakeføring tilfredsstillande, og såleis ikkje noko avgjerande moment som talar mot å gje konsesjon.



5.11 Økonomisk sikkerheit

I søknaden om driftskonsesjon har Tiltakshavaren, i samsvar med forskrift til minerallova § 2-1, gjort framlegg til korleis sikkerheit kan stillast. DMF fastset dei endelege krava til sikkerheit.

Tiltakshavar foreslår at den allereie eksisterande depositumskonto med grunneigaren vidareføres og at det avsetas 30 000,- per år inntil total sum på 200 000,- er nådd.

5.11.1. Pålegg om å stille økonomisk sikkerheit og vurdering av kor stor sikkerheita skal vere

Etter DMF si vurdering er Tiltakshavaren sitt framlegg til kor stor sikkerheita skal vere ikkje tilfredsstillande. Etter forskrift til minerallova § 2-1 tredje ledd skal den økonomiske sikkerheita vere tilstrekkeleg til å dekkje Tiltakshavaren si sikrings- og oppryddingsplikt. Summen per år og den totale summen tiltakshaver foreslår er etter DMFs beregninger for lav til å dekke forventede kostnader ved en eventuell avslutning av uttaket.

Etter ei konkret vurdering av tiltaket finn DMF at Tiltakshavaren skal påleggjast å stille finansiell sikkerheit på NOK 1 000 000 for å sikre at nødvendige sikrings- og oppryddingstiltak blir gjennomførte etter minerallova §§ 49 og 50, jf. minerallova § 51. I vurderinga av kor stor sikkerheit som skal krevjast har DMF lagt vekt på sine egne erfaringstal for tilsvarande uttak, med tillegg for eksterne og uventa kostnader.

5.11.2. Form for sikkerheit

Det skal stillast sikkerheit i ei slik form at den ikkje vil gå inn i konkursbuet i tilfelle konkurs hos Tiltakshavaren, jf. forskrift til minerallova § 2-1 tredje ledd.

Etter DMF si vurdering vil det vere føremålstenleg at den økonomiske sikkerheita blir stilt ved bankgaranti og individuell fondsavsetjing til ein bankkonto som det etter ein eigen avtale om finansiell sikkerheit skal etablerast pant i til fordel for DMF, jf. pantelova §§ 4-4 til 4-6. Tiltakshavaren skal ikkje ha råderett over denne bankkontoen, som skal vere sperra til fordel for DMF.

Bankgaranti – oppstartsfase

DMF vurderer det som naudsynt at Tiltakshavaren, innan 2 månader etter datoen då konsesjonsvedtaket blei gjort, stiller ein bankgaranti som DMF vurderer som tilfredsstillande som påkravsgaranti for eit beløp på NOK 300 000. Dette er naudsynt for å ha tilstrekkeleg sikkerheit i oppstartfasen før fondet har nådd maksimal avsetjing. Storleiken på bankgarantien er fastsett på grunnlag av ei vurdering av kva som blir rekna for å vere tilstrekkeleg sikkerheit i denne fasen.

DMF kan fremje krav i høve til bankgarantien i desse tilfella:

- (i) Etter utløpet av Tiltakshavaren sin frist for å utføre naudsynte sikrings- og oppryddingstiltak som DMF godtek;
- (ii) Ved konkurs, opphøyr eller anna avvikling av Tiltakshavaren si verksemd; og
- (iii) Dersom konsesjonen blir trekt attende.



Ved melding til garantisten om at eitt av tilfella nemnde i punkt (i)–(iii) over har oppstått, skal DMF ha rett til å få utbetalt det kravet som blir gjort gjeldande etter bankgarantien, utan omsyn til motsegner frå Tiltakshavaren. Bankgarantien skal stå ved lag så lenge beløpet som står på bankkontoen ikkje har nådd NOK 300 000. Når beløpet på bankkontoen har nådd NOK 300 000, eller tidlegare etter skriftleg samtykkje frå DMF, fell plikta til bankgaranti bort.

Individuell avsetjing, avsetjingsperiode og storleiken på avsetjinga

Deretter skal Tiltakshavaren setje inn midlar på bankkontoen årleg fram til totalbeløpet på NOK 1 000 000 er nådd. Dei årlege innskota blir rekna ut etterskotsvis på grunnlag av masseuttaket året før. Det skal betalast inn NOK 78 125 årleg per tonn utteken masse.

Ved fastsetjinga av satsen per tonn utteken masse har DMF lagt til grunn at fondet skal byggjast opp over ein periode på 12,8 år, det vil seie NOK 78 125 per år. I søknaden er det rekna med eit uttak på 69 000 m³/år, tilsvarande om lag 200 000 tonn/år, noko som gjev ei årleg avsetjing på NOK 0,39 per tonn.

Innbetalinga for masseuttaket må vere avsett innan 1. februar året etter.

5.11.3. Rapportering og dokumentasjon

Beløpet som står på kontoen skal dokumenterast årleg ved å gje DMF tilgjenge til ei oppdatert kontoutskrift. All avkasting på midlane skal godskrivast kontoen.

I tillegg finn DMF det naudsynt at Tiltakshavaren undervegs i drifta vurderer om den sikkerheita som er stilt er tilstrekkeleg til å dekkje kostnadene til sikrings- og oppryddingstiltak og gjev DMF tilbakemeldingar om dette. Dersom den fastsette driftsperioden for uttaket blir endra eller det skjer andre vesentlege endringar i driftsplanen, skal DMF informerast utan grunnlaust opphald. Elles skal tiltakshavaren kvart femte år gjere ei ny vurdering av om sikkerheita er tilstrekkeleg. Når vurderinga er gjord, skal tiltakshavaren utarbeide ein rapport og sende den til DMF utan grunnlaust opphald.

DMF kan òg ha behov for meir rapportering og dokumentering enn det som er skildra over, og finn det difor naudsynt å påleggje Tiltakshavaren plikter i så måte i konsesjonsvilkåra.

5.11.4. Justering av sikkerheita

Etter forskrift til minerallova § 2-2 første ledd andre punktum kan DMF gjere vedtak om endring av storleiken på avsetjinga, inkludert dei årlege innbetalingane frå Tiltakshavaren, og tidspunktet for innbetaling. Slike endringar kan òg gjerast når som helst ved endringar i minerallova og andre relevante lover, forskrifter og vedtak.

6. Kor lenge driftskonsesjonen gjeld

Driftskonsesjonen kan reviderast etter 10 år.



Driftskonsesjonen fell bort dersom drift ikkje er starta opp seinast fem år etter at konsesjonen er gitt. Det same gjeld dersom drifta blir innstilt i meir enn eitt år. Det kan søkjast til DMF om å forlengje desse fristane. Driftskonsesjonen fell òg bort dersom:

- utvinningsretten for statens mineral blir sletta
- avtalen om rett til å utnytte førekomst av grunneigars mineral går ut
- skjønn ikkje er kravd innan eitt år etter at ekspropriasjonsløyve er gitt etter minerallova § 37 andre ledd bokstav a

For overdraging av driftskonsesjonen krevs søknad til og godkjenning frå DMF, jf. minerallova § 45 a.

7. Plikter for tiltakshavaren

Tiltakshavaren har rettar og plikter som følgjer av minerallova med forskrifter.

Meldeplikt ved oppstart og stans av drift

Seinast éi veke før oppstart av drifta skal tiltakshavaren sende melding til DMF. Tiltakshavaren skal òg sende melding til DMF før drifta mellombels blir stansa eller lagd ned i medhald av minerallova § 44.

Drifta skal utførast med varsemd

Drifta skal utførast med varsemd, slik at skadane ikkje blir større enn nødvendig. Etter minerallova § 48 skal arbeida heller ikkje føre til unødig forureining eller skade på miljøet.

Forsvarleg sikring og opprydding

Området skal sikrast slik at arbeidet ikkje medfører fare for menneske, husdyr eller tamrein. Etter minerallova § 49 omfattar sikringsplikta òg gruveopningar, tippar og utlagde massar på område som er knytte til konsesjonsområdet.

Etter minerallova § 50 skal området vere forsvarleg rydda mens arbeida går for seg. Etter minerallova §§ 49 og 50 skal området vere forsvarleg rydda og varig sikra etter at arbeida er avslutta. DMF kan fastsetje ein frist for når oppryddinga skal vere avslutta.

Ansvarlet til bergteknisk ansvarleg

Bergteknisk ansvarleg har eit særskilt ansvar for å sjå til

- at drifta er teknisk forsvarleg og tek omsyn til arbeidstakarar, nærliggjande bygningar og omgivnadene elles
- at førekomsten blir avbygd på ein berekraftig måte
- at drifta til kvar tid er i samsvar med ein ajourført og godkjend driftsplan

Rapportering

Tiltakshavaren skal sende årleg driftsrapport til DMF via «Min side» på dirmin.no.

Når uttak av grunneigars mineral blir lagt ned, kan DMF stille krav om å sende inn sluttrapport, måledata og prøvemateriale. Dette gjeld dersom uttaket har mineraliseringar av vesentleg geologisk interesse.



8. Rett til å klage

Partane i saka og andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket i samsvar med reglane i forvaltingslova kapittel VI.

Fristen for å klage er tre veker etter at de har fått dette brevet. Klagen skal sendast til DMF for ny vurdering. Dersom DMF ikkje finn grunn til å gjere om vedtaket, sender vi klagen til Nærings- og fiskeridepartementet, som gjer endeleg vedtak i saka. I klagen må de gjere greie for kva de klagar på, og kvifor, og de må foreslå endringar.

Etter forvaltingslova § 18 og 19 har partane i saka rett til å sjå saksdokumentata.

For nærare informasjon om minerallova med tilhøyrande forskrifter, sjå heimesida vår på www.dirmin.no. Her finn du òg den digitale kartløysinga vår, som er eit nyttig verktøy for oppdatert informasjon om mineraluttak, bergrettar m.m., supplert med relevante kartdata frå andre etatar.

Vennleg helsing

Unni Garberg
seksjonssjef

Vegard Nymo
rådgivar

Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikke håndskrevne signaturer.
Saksbehandlar: Vegard Nymo

Vedlegg:

- Vedlegg 1 Kart over konsesjonsområde Ådnadalen
- Vedlegg 2 Avtale om finansiell sikkerhetsstillelse Ådnadalen
- Vedlegg 3 Påkravsgaranti Ådnadalen
- Vedlegg 4 Pantsettelseserklæring Ådnadalen
- Vedlegg 5 Godkjent driftsplan Ådnadalen

Mottakere:

Os Knuseverk AS	Ulvenvegen 340	5217 HAGAVIK
-----------------	----------------	--------------

Kopi til:

Statsforvalteren i Vestland	Njøsavegen 2	6863 LEIKANGER
Norges vassdrags- og energidirektorat Region vest	Naustdalsvegen 1B	6800 FØRDE
Mattilsynet	Postboks 383	2381 BRUMUNDDAL
BKK Nett AS	Postboks 7050	5020 BERGEN
Statens vegvesen	Postboks 1010 Nordre Ål	2605 LILLEHAMMER
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020 BERGEN
Bjørnafjorden kommune	Postboks 24	5649 EIKELANDSOSEN